



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I SULDAL KOMMUNE 7. MAI 2002

Statens utdanningskontor i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Suldal kommune 7. mai 2002. Besøket var lagt til kommunehuset på Sand der hovudtemaet var skolebasert vurdering. Det var lagt til rette for samtalar/intervju om dette emnet med leiar for PP-tenesta og representantar frå rektorane i kommunen, lærarrepresentantar, foreldrerepresentantar og elevrepresentantar. Vidare var det møte med politisk og administrativ leiing i kommunen med fokus på befolkningsmessige, økonomiske og administrative rammer for oppvekstetaten i Suldal kommune. Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå, rådgivar Audun Gjerde og rådgivar Ståle Ertzgaard.

FRÅ SAMTALAR/INTERVJU OM SKOLEBASERT VURDERING

Deltakarar: Randi Ese Ur, rektor ved Erfjord skule, Bente Thurmann-Nielsen, rektor ved Vinjar skule, Johan Arnt Sivertsen, leiar for PP-tenesta, Tone Obrestad, lærar og tillitsvald ved Erfjord skule, Arne Hilde, lærar ved Vinjar skule, Sylvia Frafjord, foreldrerepresentant frå Erfjord skule, Torbjørn Hoftun, foreldrerepresentant frå Vinjar skule, Anna Eiken Stangeland, elevrådsleiar ved Vinjar skule, Ingvild Erøy Prestårhus og Åshild Skjerahaug, elevar i 8. klasse ved Erfjord skule og Harald Roalkvam, elev i 10. klasse ved Vinjar skule.

Rutinar for skolebasert vurdering

I Suldal kommune blir det gjennomført mykje arbeid i høve til skolebasert vurdering. Saman med dei andre kommunane i Nord 2-nettverket, har Suldal utdanna vurderingsrettleiarar som hjelper skolane i arbeidet med den skolebaserte vurderinga. Rettleiarane som har vorte nytta i Suldal kjem frå andre kommunar, og har såleis eit eksternt blick på skolane si verksemd. Ved nokre høve har også tilsette ved Oppvekstetaten i Suldal gjennomført besøk ved skolane for å vurdere særskilte område. I tillegg gjennomfører skolane eigenvurderingar på sjølvvalde område. Sjølv om det såleis blir gjennomført skolebasert vurdering i Suldal kommune, finst det ikkje skriftleggjorde systematiske planar eller rutinar for dette arbeidet korkje på kommune- eller skolenivå.

Alle som utdanningskontoret fekk høve til å snakke med i løpet av besøket, var samde om at ansvaret for å utarbeide og vedlikehalde planar og rutinar for skolebasert vurdering ligg på kommune- og skoleleiinga. Men det vart også peikt på at resten av det pedagogiske personalet på skolane har eit ansvar for å etterspørje slike planar og rutinar, og å følgje opp dei planane som eventuelt blir lagde.

Etter det utdanningskontoret forstår, er ikkje PP-tenesta og andre miljø utanfor skolen trekte med som ein del av den skolebaserte vurderinga. Samarbeidet med PP-tenesta gjeld i all hovudsak einskildelevar eller einskildprosjekt, ikkje vurdering av skolen på systemnivå.

Verkty i arbeidet med skolebasert vurdering

Skolane utarbeider årsplan og årsmelding for å synleggjere arbeidet sitt. Det blir gjennomført sporadiske brukarundersøkingar på einskildområde, men det er ikkje laga eit system for slike undersøkingar. Etter det utdanningskontoret forstår, blir ikkje brukarane alltid informerte om resultatane frå slike undersøkingar.

Skolane har faste rutinar for medarbeidarsamtalar, foreldresamtalar og elevsamtalar, men det er ikkje lagt til rette for medarbeidarsamtalar med rektorane frå kommunen si side. Det finst også rutinar for personalmøte, og ein sjeldan gong personalseminar. Det er uklart om desse møta/seminara er for heile personalet, eller om det berre er det pedagogiske personalet ved skolane som deltek. Utanom rektormøte ein gong i månaden, har ikkje Suldal kommune lagt til rette for erfaringsutveksling mellom skolane i høve til vurderingsarbeid. Nokre skolar samarbeider om einskildprosjekt, og det er oppretta nettverksgrupper for lærarar i nokre fag. Tilbakemeldinga frå lærarane som vi snakka med, er at desse nettverksgruppene tidlegare har fungert godt, men at dette ikkje har vore tilfelle siste året. Dette skuldast truleg at det ikkje har vore nokon på kommunalt nivå som har følgd opp skolane sine behov på dette området.

Utdanningskontoret har inntrykk av at skolebasert vurdering i liten grad er tema på møte i skoleverket i Suldal kommune, korkje på kommune- eller skolenivå.

Skolane nyttar diagnostiske prøvar i faga norsk og matematikk. Elevane og foreldra får berre tilbakemelding om desse dersom det er behov for å setje inn tiltak eller arbeide særleg i høve til einskildområde. Desse prøvane blir også nytta i høve til samarbeid med PP-tenesta om tiltak for einskildelevar. Lærarane vi snakka med meinte at vurderinga av korleis opplæringa blir driven, kunne vore meir systematisk. Etter deira syn blir opplæringa tilfredsstillande vurdert gjennom uformelle samtalar og drøftingar. Men dei såg også at dette ikkje er tilstrekkeleg i høve til foreldra og elevane.

Etter det utdanningskontoret kjenner til blir det ikkje nytta kvalitetsindikatorar til den skolebaserte vurderinga i Suldal kommune.

Elev- og foreldredeltaking i skolebasert vurdering og kvalitetsutviklingsarbeid

Elev- og foreldresamtalane blir gjennomførde ein gong i halvåret. Desse samtalane er hovudsakleg sentrerte omkring einskildelevar sine behov. Ein kjem difor i liten grad inn på vurdering av skolen som system eller kvalitetsutviklingsarbeid i samtalane med elevar og foreldre.

Elevane blir til ein viss grad involverte i arbeidet med skolebasert vurdering ved at elevrådet får uttale seg om skolane sine handlingsplanar og nokre av satsingsområda, t.d. planar for arbeidet med det fysiske miljøet, førebygging av mobbing osv. Elevane blir også høyrde gjennom bruk av t.d. anonym loggskrivning. I tillegg meinte dei elevane vi snakka med at dei til ein viss grad fekk vere med i planlegginga av opplæringa, men at dei i mindre grad var med på vurdering av opplæringa.

Foreldra blir i liten grad trekte med i den skolebaserte vurderinga. Både dei tilsette ved skolane og foreldra etterlyser ei meir reell deltaking frå foreldra si side, og meiner at det er kommunen og skolane sitt ansvar å leggje til rette for ei slik deltaking. Rutinane er betre i høve til foreldresamarbeid på klassenivå enn på skolenivå. Foreldra vi snakka med meinte at det i all hovudsak er lett å komme med tilbakemelding til skolen, men at det stundom kan vere vanskeleg å fremje kritiske synspunkt. Skolen kan lett gå i forsvarsposisjon heller enn i reell dialog med kritikarane. Foreldra etterlyste også at dei vart trekte med tidlegare i samband med problem i høve til klassar eller elevar.

FRÅ SAMTALEN MED KOMMUNELEIINGA

Deltakarar: Ordførar Roar Obrestad, leiar i Levekårsutvalet Arild Winterhus, rådmann Nils I. Korsvoll, oppvekstsjef Egil Thorsen og leiar for PP-tenesta Johan A. Sivertsen.

Kommunal omorganisering og endring av ungdomsskolestrukturen

Suldal si største utfordring i dei kommande åra er ein etter måten kraftig reduksjon i folketalet saman med ein skeiv alderssamansetnad av befolkninga. Statistikken syner at kommunen får ei stadig eldre befolkning og færre barnefamiljar. Dette får konsekvensar for talet på born i grunnskolealder. Kommunen har ein godt utbygd skolestruktur som kan vere vanskeleg å halde vedlike med redusert elevtal. Den økonomiske utviklinga i kommunen er heller ikkje positiv. Sjølv om kommuneøkonomien er solid og velordna, er Suldal ikkje lenger det rådmannen kallar ”svært rik”, berre ”velstående”. Denne endringa får konsekvensar for kvaliteten på tenestene som skolane kan gi, noko ein del tilsette i sektoren slit med å omstille seg i høve til.

Endringane som Suldal opplever, har gjort det naudsynt med drøftingar omkring organisering av kommuneadministrasjonen og skolestrukturen i kommunen. Ein har sett det som ønskjeleg å skjerme tenesteytande stillingar for nedskjeringar i størst mogleg grad, noko som har ført til ein fokus på ressursutnyttinga i den kommunale leiinga. Det er sett fram forslag om å redusere talet på administrative stillingar ved å gå over til ein ”to-nivåmodell” der skolane blir direkte underlagde rådmannen. Ein vil syte for pedagogisk kompetanse i staben til rådmannen. På denne måten vil ein sikre ei tenleg oppfølging av skolane og ei kvalitativ god ordning i høve til kravet om skolefagleg kompetanse på kommunalt nivå.

Skolestrukturdebatten gjeld først og fremst ungdomssteget, der kommunen ser at det kan bli vanskeleg å oppretthalde ein desentralisert struktur med ungdomssteg på 6 av 7 skolar. Ein ser føre seg to ulike løysingar på ungdomsskolestrukturen. Den første inneber å leggje ned ungdomssteget på dei fleste skolane, og heller leggje tilhøva til rette for eit godt tilbod på færre skolar. Ei anna løysing er å sjå alle ungdomsskolane som ei eining med felles rektor og med eigen pedagogisk administrasjon på kvar avdeling. Med denne løysinga ser ein at det vil vere mogleg å oppretthalde eit desentralisert ungdomsskoletilbod samtidig som ein utnyttar ressursane betre. Denne løysinga vil krevje dispensasjon frå kravet om at kvar skole skal ha eigen rektor.

Ressursbruk og personalsituasjonen i Suldalskolane

Fordi barnetalet i Suldal blir redusert, har ikkje kommunen behov for nye tilsetjingar når eldre lærarar går av med pensjon. Kommunen har difor stadig fleire eldre lærarar, noko som gir stabile lærarkollegium. Samstundes fører dette til manglande fornying i lærarpersonala på skolane. Alle lærarar i kommunen er fagutdanna, slik at dei problema som kommunen hadde på slutten av 90-talet, no er løyste.

Suldal opplever stor frustrasjon over gjeldande klassesdelingsreglar der relativt små endringar i elevtalet kan utløyse endringar i klassetalet. Kommunen ønskjer heller ordning der det blir tildelt ein basisressurs, ein elevtalsressurs og ein ressurs for fådelte skolar. Dette vil gjere det lettare å planleggje framover ved at ein i større grad veit kva for ressursar som trengst.

Suldal kommune rapporterer feil i GSI (grunnskolens informasjonssystem) i høve til spesialundervisning og tilpassa opplæring. Delingstimar har det siste året blitt vist i rubrikken for spesialundervisning, og gir ei skeiv fordeling i statistikken for timerressursar i kommunen.

Spesialundervisning og tilpassa opplæring

PP-tenesta i Suldal er organisatorisk underlagt barne- og ungdomstenesta saman med barnevernstenesta, medan skolane er organisert under oppvekstetaten. Samarbeidet på tvers av etatane fungerer etter kommunen si vurdering godt.

Dei seinaste åra har Suldal gjennomført ein prosess der målet har vore å overføre ressursar frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Dette arbeidet har det siste året bore frukter. Spesialundervisning er no ein rett som gjeld eit fåtal elevar med særlege behov, medan andre elevar får den oppfølginga dei treng gjennom eit tilpassa opplæringstilbod. Ressursane som tidlegare gjekk til spesialundervisning, blir no nytta meir fleksibelt og gir skolane høve til raskare å setje inn tidsavgrensa tiltak for einskildelevar. Skolane har etter kvart vorte trygge på at desse ressursane ligg fast. Denne endringa har også ført til at PP-tenesta i større grad har høve til å vere ute på skolane og gi råd og rettleiing der.

Samarbeidet med Vindafjord og Sauda kommune om den statleg tildelte tyngdepunktstillinga til PP-tenesta har etter Suldal kommune si vurdering fungert godt. Stillinga har eit hovudfokus på psykososiale vanskar, men det er lagt opp til stor grad av fleksibilitet i høve til kva for område det blir ytt tenester i høve til.

Frå 1. august 2001 sa Rogaland fylkeskommune opp samarbeidsavtalen med PP-tenesta i Suldal. Ein stillingsressurs på ¼ fagarverk vart med det trekt tilbake. Suldal kommune dekkjer sjølv opp denne ressursen, slik at talet på fagstillingar i tenesta ikkje er redusert. Ein ønskjer å knyte denne stillingsressursen opp mot psykiatriplanen. Sidan samarbeidsavtalen med fylkeskommunen vart sagt opp, har samarbeidet med PP-tenesta for vidaregåande skole vorte avvikla. Suldal kommune meiner at fylkeskommunen, Vindafjord kommune og Suldal kommune burde ha samarbeidd for å sikre best mogleg kompetanse innanfor PP-tenestene i sin del av fylket.

Sjølv om Suldal ikkje lenger har eit samarbeid med PP-tenesta for vidaregåande, har kommunen eit godt samarbeid med andre deler av den fylkeskommunale opplæringsverksemda. Mellom anna er det utvikla eit felles forsøk med målsetjing om å utvikle eit meir spennande fagmiljø på tvers av grensene mellom ungdomssteget og vidaregåande opplæring.

KONKLUSJONAR OG AVSLUTTANDE MERKNADER

Suldal kommune har på plass element av skolevurdering gjennom t.d. brukarundersøkingar, bruk av vurderingsrettleiarar osv. Det er likevel utdanningskontoret sitt syn at kommunen har ein del arbeid igjen før eit systematisk opplegg med skriftleggjorde rutinar for skolebasert vurdering er på plass. Det ligg ei stor utfordring i å få til eit system for skolebasert vurdering som er utforma slik at det utgjer hovudgrunnlaget for arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen.

Eit slikt system vil kunne sikre god samanheng i skolane sitt arbeid og gi tydelegare signal om stoda og eventuelle behov for endring. Det vil også kunne gi rom for lokal fridom ved skolane. Vi vil også rå Suldal kommune til å nytte PP-tenesta sin kompetanse i større grad i høve til skolebasert vurdering.

Utdanningskontoret vil peike på at både skolane sine representantar og foreldra som vi snakka med, etterlyste ein meir reell foreldremedverknad i skolen sitt vurderings- og utviklingsarbeid. Vi trur at skolane i kommunen vil kunne ha god nytte av at kommunen legg tilhøva betre til rette for eit slikt samarbeid.

I samband med planane for omorganisering av kommunen, vil utdanningskontoret peike på verdien av at skolefagleg ansvarleg har reell mynde i høve til skolane. Erfaringar frå andre kommunar syner at ein skolefagleg ansvarleg utan påverknadskraft, lett kan bli hengande ”i lause lufta”.

Vi vil også be kommunen om å syte for at feilføringane i GSI blir retta opp.

Opplegget og gjennomføringa av besøket gav nyttig og god informasjon om utviklinga i skolesektoren. Statens utdanningskontor takkar Suldal kommune for eit godt tilrettelagt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med vidare arbeid.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul
fung. utdanningsdirektør

Ståle Ertzgaard